

Lindås kommune
Avd. byggesak
Kvernhusmyrane 41
5914 Isdalstø

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 Valestrandsfossen
Telefon: 56 39 00 03
Telefaks: 56 19 11 30
E-post: post@arkoconsult.no
www.arkoconsult.no

Dykkar ref.:

Vår ref.:
Lena Lekve

Dato:
28.02.2019

SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK VED GNR. 179, BNR. 9 I LINDÅS KOMMUNE

Det vert med dette søkt om løyve til tiltak i eitt trinn ved gbnr. 179/9 i Lindås kommune.

Tiltaket består av riving av einebustad etter totalskade i brann. Tiltakshavar er Raymond Aase.

Det vert søkt om riving av bustaden i ein eigen søknad for å spare tiltakshavar for sakshandsamingstid. Søknad om rammeløyve til gjenoppføring vert sendt inn i eigen søknad innan kort tid.

1. Planstatus:

Eigedomen ligg ikkje i regulert område. Det vert vist til kommuneplanens arealdel (KPA), der formålet for eigedomen er avsett til LNFR-område.

2. Førehandskonferanse:

Det er ikkje halde førehandskonferanse.

3. Naboforhold:

Tiltaket er nabovarsla etter naboliste frå Lindås kommune. Det føreligg ingen merknadar. Sjå varsel og kvitteringsliste i vedlegg C-1 og -2. Merk at det er varsla om riving og gjenoppføring i same varsel. Søknad om gjenoppføring vert sendt inn til kommunen i ein eigen søknad.

Sjå vedlegg Q-1 der pantehavar er informert om, og samtykker til, riving av bustaden.

4. Dispensasjon:

Me meiner prinsipalt at rivingstiltaket ikkje er avhengig av dispensasjon. Dette fordi ein ved riving vil fjerne eit bygg frå LNFR-område, som i utgangspunktet ikkje er i tråd med formålet.

Ved gjenoppføring vil det vera naudsynt med søknad om dispensasjon, blant anna frå LNFR-området. Eigen søknad om dispensasjon vert lagt ved rammesøknad om gjenoppføring.

Firma:
Arkoconsult AS

Forretningsadresse:
HTB-bygget, sentrum
5281 Valestrandsfossen

Postadresse:
Postboks 103
5291 Valestrandsfossen

Foretaksregisteret:
Org. nr: 918 269 665mva

Om kommunen finn at rivingstiltaket også er avhengig av dispensasjon, ber me om at dispensasjonssøknad i vedlegg Q-2 vert lagt til grunn som eit subsidiært B-vedlegg.

5. Miljøsanering:

Det vert utarbeidd miljøsaneringsrapport og avfallsplan for rivingsarbeidet. Komplette avfallsplan for planlagt og levert avfall vert lagt ved søknad om ferdigattest for rivingsarbeidet.

6. Ansvarsretter:

Arkoconsult AS erklærer ansvarsrett som ansvarleg søker, samt PRO – arkitektonisk utforming og brukbarhet (avgrensa til byggets plassering, fasademessig utforming og planløsning). Arkoconsult AS har sentral godkjenning innan begge ansvarsområder.

Sjå vedlagt gjennomføringsplan og erklæringar om ansvarsrett for ansvarleg søker og ansvarleg prosjekterande og utførande for rivingsarbeidet i vedlegg G1-3.

7. Riving:

Sjå vedlegg A-1, der det er vist utrekning for arealet som skal rivast. Dette er ei estimat utifrå mål på eksisterande teikningar, samt skaderapport frå takstmann.

8. Andre forhold:

Sjå eksisterande teikningar i vedlegg E1-7.

Dersom det skulle være behov for ytterlegare informasjon i høve saka, ta gjerne kontakt på telefon eller e-post.

Med venleg helsing/Best Regards



Lena Lekve
Jurist, Byggesak

Direkte: +47 56390003 | Mobil: +47 95963006

Fax: +47 56191130

Epost: lena@arkoconsult.no

 **arkoconsult**
Arkoconsult AS